

Tambarskjelvar IL - Styremøte 7/2003

Til stades på Teams: Sigrid A-Førde, Pål Arve Myklebust, Andre Klingenberg, Anne Sofie Berntsen, Athina Karipi, Siss-May Edvardsen

Sak 33/2023

Det er kome førespurnad frå fotballgruppa om fotballtreningar for born frå 7 – 10 år utanfor idrettsskulen si organisering. 6-åringane skal ha pause frå fotballen gjennom vinteren.

Det har før denne saka kom styret i hende, vore møtepunkt mellom fotballen og idrettsskulen for å prøve å finne eigna løysingar. Her kom ein fram til ei semje med fotballtreningar for laga i denne aldersgruppa annakvar veke fredag, laurdag eller sundagar. Treningane vart foreslått lagt til desse dagane for å oppretthalde aktiviteten på idrettsskulen, som er god.

Styret har no fått ny førespurnad som gjeld fotballtrening:

- For aldersgruppa 7-9 ein gong per veke år utanom idrettsskulen
- For aldersgruppa 10 år to gongar per veke utanom idrettsskulen

Tambarskjelvar IL har følgjande årsmøtevedtak som gjeld barneidrett/idrettsskulen frå Årsmøte 2019:

- I tidsrommet oktober-mai tilbyr Tambarskjelvar IL barneidrett for ungar 0-6 år.
- Det kan utarbeidast årshjul for 6-åringane om barneidretten saman med gruppene finn det føremålsteneleg.
- Årshjulet for aldersgruppa 7-10 år vert oppretthalde.
- Ev. aktivitet utanom barneidretten/idrettsskulen skal avklarast med styret før igongsetting.

Styret handsamar saka etter siste punktet frå vedtak på Årsmøte 2019.

Styret er oppteken av å oppretthalde årshjulet i tråd med årsmøtevedtaket. Tambarskjelvar IL er ein føregangsklubb når det gjeld Allidrett, og vi vert ofte nytta som døme og rådgjevarar av Idrettskretsen. Vi er likeins oppteken av å tilby aktivitet for alle medlemmane våre. Vi ser at årshjulet bør vidareutviklast, både i takt med at dei fleste idrettar no er vorte heilårsidrettar og i lys av kva aktivitetar idrettslaget kan tilby etter idrettsskulen. Vi foreslår å arbeide med årshjulet våren 2024 saman med gruppene.

Styret fattar følgjande vedtak:

- Styret er positive til at gruppene kan tilby aktivitetar for aldersgruppa 7-9 år utanom idrettsskulen, men at trening då må skje fredag, laurdag eller sundag, *ein* gong per veke.
- Styret er likeins positive til at gruppene kan tilby treningar for aldersgruppa 10 år utanom idrettsskulen, men at trening då må skje på andre dagar enn dei dagane idrettsskulen tilbyr treningar.
- Det vert såleis opna opp for at *alle* gruppene kan tilby trening for dei ulike aldersgruppene som skissert ovanfor. Vi ber om at andre grupper som ynskjer å tilby slik trening gjer det kjent for styret før oppstart.
- Ordninga skal evaluerast saman med gruppene våren 2024, samstundes som vi i fellesskap arbeider med årshjulet for allidretten.